

Møteinnkalling

Utvalg: **Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen**
Møtested: Sognefjellshytta
Dato: 21.08.2018
Tidspunkt: 08:30

Styremøte i samband med opning av utkikkspunkt Sognefjellet.

Aleksander Øren Heen og Leif Solemsli har meldt forfall og vara er kalla inn. Kari Bø Wangensteen stiller, mens Senea Sabanovic ikkje kan stille.

Ber om at endringar blir meldt til Magnus Snøtun, tlf 947 89 126 eller Kari Sveen, tlf 948 80 564.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 25/2018	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 26/2018	Referatsaker		
RS	Rapport Bessegløpet 2018		2017/369
ST 27/2018	Delegerte vedtak		
22/2018	Delegert vedtak - Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2018 - Uttransport av skuter med helikopter - Roger Helge Høgseth		2018/4496
23/2018	Delegert vedtak - Dispensasjon - Jotunheimen nasjonalpark - Motorferdsel i samband med bygging av ny sjølvbetjeningshytte Glitterheim - DNT Oslo og Omegn		2016/3185
24/2018	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2018 - Utbetring av Glitterheimvegen etter flaumskader frå Gråsubekken - Glitterheim Turisthytte		2018/4365
25/2018	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2018 - Tillatelse til teltleir vest for Gjende - Stiftelsen Phoenix		2018/4236
26/2018	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Bruk av drone for filming av Galdhøpiggen - NRK Hedmark og Oppland		2018/3677
27/2018	Delegert vedtak - Dispensasjon med avgrensing - Jotunheimen nasjonalpark - Dronefilming Fanaråken Opp - Fanaråken Opp		2018/4318
28/2018	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Avslag - Filming med drone på tur til Galdhøpiggen - Extra Giverglede Halden		2018/3556
29/2018	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Persontransport til Glitterheim - Tone Kristin Eikås		2018/4293
30/2018	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Transport av person vedr. askespredning ved Glittertind - Hege Laugerud		2018/4316
ST 28/2018	Sak - Utladalen landskapsvernområde - Bruk av drone til vedlikehald av kraftlinjer - Årdal Energi		2018/4583
ST 29/2018	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon -2018 - Utbetring og førebyggjande tiltak etter flaumskader frå Gråsubekken og Bergenussa - DNT Oslo og Omegn		2018/4365
ST 30/2018	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2018 - Hjelpemotor på seilbåt ved ut- og innsegling på Gjende - Bjørn Erik Jorkjend		2018/4481
ST 31/2018	Eventuelt		

ST 26/2018 Referatsaker

Rapport Besseggløpet 2018 2017/369

ST 27/2018 Delegerte vedtak

**22/2018 Delegert vedtak - Utladalen landskapsvernområde -
Dispensasjon - 2018 - Uttransport av skuter med helikopter - Roger
Helge Høgseth 2018/4496**

**23/2018 Delegert vedtak - Dispensasjon - Jotunheimen nasjonalpark -
Motorferdsel i samband med bygging av ny sjølvbetjeningshytte
Glitterheim - DNT Oslo og Omegn 2016/3185**

**24/2018 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2018
- Utbetring av Glitterheimvegen etter flaumskader frå Gråsubekken -
Glitterheim Turisthytte 2018/4365**

**25/2018 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon -
2018 - Tillatelse til telteir vest for Gjende - Stiftelsen Phoenix 2018/4236**

**26/2018 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon -
Bruk av drone for filming av Galdhøpiggen - NRK Hedmark og Oppland
2018/3677**

**27/2018 Delegert vedtak - Dispensasjon med avgrensing - Jotunheimen
nasjonalpark - Dronefilming Fanaråken Opp - Fanaråken Opp 2018/4318**

**28/2018 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Avslag - Filming
med drone på tur til Galdhøpiggen - Extra Giverglede Halden 2018/3556**

29/2018 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Persontransport til Glitterheim - Tone Kristin Eikås 2018/4293

30/2018 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Transport av person vedr. askespredning ved Glittertind - Hege Laugerud 2018/4316

Arkivsaksnummer: 2018/4583-2

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 12.08.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	28/2018	21.08.2018

Sak - Utladalen landskapsvernområde - Bruk av drone til vedlikehald av kraftlinjer - Årdal Energi

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev etter § 4 i verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde (jf. §48 naturmangfaldslova) løyve til bruk av drone til tilsyn og vedlikehald av kraftlinje inn Utladalen til Årdal Energi. Løyve er gjeve på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld frå 15.juli kvart år.
- Løyve gjeld for 2018, 2019 og 2020
- Det er viktig at arbeidet tek omsyn til andre brukarar i området og at ein følgjer retningslinjene til luftfartstilsynet om bruk av drone.
- Det skal sendast inn årleg rapport til forvaltar om bruk og omfang kvart år innan 01.november.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad om bruk av drone til vedlikehald av kraftlinje frå Årdal Energi ved Edvard Holsæter, datert 09.08.18 og telefonsamtale med Edvard Holsæter 13.08.18.

Saksopplysningar

Utdrag frå søknad:

«Me har teke i bruk Drone for vedlikehald samt feilretting av våre linjer. Dette er eit effektivt hjelpemiddel for å driva førebyggjande vedlikehald , samt kartlegge feil ved utfall.

Me søker med dette om å få nytta dette og på våre anlegg som er i Utladalen landskapsområde. Når det gjeld førebyggjande vedlikehald prøver me å leggja det til skuldensesongane.»

Drone er eit nytt hjelpemiddel som Årdal Energi har teke i bruk siste året. Drona blir både brukt til regelmessig tilsyn og ved planlegging av vedlikehald og ved feilsøking når det blir skader på linja. Det er linja inn langs Vettisvegen og tilførselslinjene opp til Avdalen og bruka inne i Vettisområdet som er aktuelle. Dette er knytt til regelmessig og langsiktig drift.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert 13.08.2015.

Verneformål – forskrift

§ 3, pkt. 7.3, om støy:

«Unødvendig støy er forbode. Det er ikkje tillate å bruke motordrivne modellfly, modellbåt, o.l.»

Det er ikkje spesifisert unntaksregel for denne typen tiltak, og ein søknad om dispensasjon krev behandling etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. vurdering etter naturmangfaldlova § 48.

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som *«ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig»*. Begge vilkår må vere oppfylt. Unntak kan også vurderast *«dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig»*. Dispensasjon *må* heller ikkje gjevast om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna styremakter spelar også inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

Verneformål

Formålet med vern av landskapsvernområdet er

«...å ta vare på eit vilt og vakkert vestlandslandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande, i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark.

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *eit naturområde med eit rikt dyre- og planteliv som pregar dette.*
- *eit eigenarta, ope og vakkert natur- og kulturlandskap med høg fjell, brear og geologiske avsetningar, der kulturlandskapet med beitebruk, gards- og stølsbygningar og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.*
- *naturmangfald som pregar landskapet med naturtypar frå lågland, dalar og skogsliv til høg fjell og artar knytte til desse.*
- *særprege vassdragsnatur og landskapsformer.*

Ålmenta skal ha høve til uforstyrta naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 gjev ikkje føringar for bruk av dronar, ettersom det var ein lite kjent teknologi da planen vart utarbeidd. I samband med tilsyn og vedlikehald av kraftlinjer, er det spesifikke dispensasjonsreglar knytt til motorferdsel. Det vert her gjeve fleirårige løyve til slik motorferdsel.

Presedens

Bruk av drone er ein ny teknologi som begynner å bli vanleg, særleg til filming. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen har gjeve dispensasjon til «nytteflyging», men ikkje til «rekreasjonsflyging» (private turar, reklamefilming mm.).

Vurdering

Årdal Energi eig og driftar kraftlinja som går inn Utladalen til Vetti Gard. Linja følgjer Vettisvegen i stor grad innover dalen. I tillegg er det tilførselslinjer som går opp i Avdalen/Hagaberg og til bruka i Vettisområdet. Desse linjene går delvis langs dei mest nytta turvegane i området, både for folk som er på langtur langs det merka rutenettet og folk som tek kortare turar innover dalen frå Hjelle. Årdal Energi påpeikar at dei vil prøve å legge dette tilsyns- og vedlikehaldsarbeidet til skuldersesongane for å redusere påverknaden på andre brukarar.

Heimre Utladalen er eit frodig dalføre med blant anna edellauvskog. Her er også kjende hekkelokalitetar for rovfugl som kan bli forstyrra av droneflyging (§8 i naturmangfaldslova (nml.)). Det er derfor sett vilkår om at den planlagde flyginga skal skje etter at hekkesesongen er avslutta (§ 9 i nml.). Flyging knytt til beredskap og feilsøking vil måtte skje når behovet oppstår. Det har vore ein stor auke i bruk av drone både utanfor og innanfor verneområdet. Ved å setje eit skilje mellom «nytte-bruk» og «rekreasjons-bruk» og unngå sårbare tidspunkt, held ein dronebruken i verneområdet på eit akseptablet nivå (§10 i nml.). Bruk av drone til naudsynt tilsyns- og vedlikehaldsarbeid er ein effektivt og skånsom metode for å gjennomføre arbeidet (§12 i nml.) §11 i nml. er ikkje relevant i denne saka.

Konklusjon:

Bruk av drone i samband med tilsyn og vedlikehald av kraftlinje er ein ny arbeidsform for dette naudsynte arbeidet. Arbeidet er knytt til eit eksisterande teknisk inngrep og tiltaket vil ikkje stride mot verneformålet eller påverke verneverdiane nemneverdig, jf. vilkåra i §48 i nml. Bruk av drone til slikt «nytte-formål» er i tråd med etablert forvaltningspraksis. Det er også forvaltningspraksis å unngå flyging med drone i Utladalen før hekkinga er avslutta og det vert derfor sett vilkår om at den planlagde flyginga skal skje etter 15.juli. Bruk av drone til feilsøking er ikkje tidsavgrensa. Sidan dette eit nytt årleg tiltak vert det gjeve dispensasjon for 3 år. Ved fornying kan ein vurdere å utvide løyve til å gjelde ein heil styreperiode (4 år).

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2018/4365-4

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 14.08.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	29/2018	21.08.2018

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon -2018 - Utbetring og førebyggjande tiltak etter flaumskader frå Gråsubekken og Bergenussa - DNT Oslo og Omegn

Innstilling frå forvaltar

DNT Oslo og omegn får med heimel i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark § 4, jf. § 48 i naturmangfaldlova, dispensasjon for bruk av stor gravemaskin og annan nødvendig motorferdsel for framtidig sikring av Glitterheimvegen mot flaumskader frå Gråsubekken og Bergenussa.

Nasjonalparkstyret opnar for nødvendige terrenginngrep knytt til sikringsarbeidet, men må avvente detaljert skildring av tiltaka til ein har fått ei fagvurdering frå NVE.

1. Gråsubekken

DNT Oslo og Omegn får med heimel i naturmangfaldlova § 48, § 4 i verneforskrift for Jotunheimen, dispensasjon for gjenoppretting av Gråsubekken til mest mogleg opphavleg løp og opprydding etter flaumskader som oppstod etter høg breavsmelting og sterk nedbør i månadsskiftet juli/august.

Detaljert spesifisering av dispensasjonen blir delegert til nasjonalparkforvaltar, som vurderer tilrådinga frå NVE i høve til verneforskrift og naturmangfaldlova.

2. Bergenussa

DNT Oslo og Omegn får med heimel i naturmangfaldlova § 48, § 4 i verneforskrift for Jotunheimen, dispensasjon for utbetring i og ved elvefaret til Bergenussa som førebyggjande tiltak mot flaumskader på Glitterheimvegen i samband med snøsmelting.

Detaljert spesifisering av dispensasjonen blir delegert til nasjonalparkforvaltar, som vurderer tilrådinga frå NVE i høve til verneforskrift og naturmangfaldlova.

Alt gravearbeid skal avgrensast til det som er vurdert som nødvendig av NVE, og vegetasjonsmasse som blir fjerna skal leggjast til side og plasserast på ein måte som sikrar best mogleg revegetering av sår i landskapet. Kjørespor i terrenget skal jamnast til ved avslutning av arbeidet.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

1. E-post av 29.07.18 frå Knut Vole ved Glitterheim turisthytte – melding om flaumskader frå Gråsubekken og behov for strakstiltak for sikring av Glitterheimvegen
2. Delegert vedtak av 29.07.18 – løyve til motorferdsel for strakstiltak i samband med sikring og istandsetjing av Glitterheimvegen.
3. E-post av 01.08.18 frå Knut Vole ved Glitterheim turisthytte – melding om nye flaumskader frå Gråsubekken og behov for meir langsiktige tiltak for sikring av Glitterheimvegen.
4. E-post av 02.08.18 frå NVE Region Øst v/ Tore Leirvik.
5. Oppfølgjande e-postutveksling mellom Glitterheim, nasjonalparkforvaltar, NVE, Statskog, Lom fjellstyre og Lom kommune – avtale om synfaring 13. august.

Saksopplysningar

DNT Oslo og Omegn v/ Glitterheim Turisthytte fekk ved delegert vedtak 29. juli 2018 løyve til strakstiltak for reparasjon og sikring av Glitterheimvegen etter flaumskader frå Gråsubekken. Skadene oppstog som følgje av høg temperatur med stor avsmelting på breen, i kombinasjon med styrtregn natt til søndag 29. juli. Utbetringsarbeidet vart raskt sett i gang, men bekken tok nytt løp att da det kom nytt regnvær 30. juli/1. august. Ein kom da fram til at meir langsiktige tiltak måtte vurderast i samråd med NVE og Lom kommune.

Bilete av skadane fotografert 29. juli og 1. august (stående format):



Det vart gjennomført synfaring måndag 13. august, der desse deltok: Anders Gjermeo – DNT Oslo og Omegn, Knut Vole – Glitterheim Turisthytte, Sander Sælthun – Lom kommune, Tore Leirvik – NVE – Region Øst, Odd Repp – Lom fjellstyre, Kari Sveen – nasjonalparkforvaltar. Moglege tiltak vart diskutert under synfaringa, og det vart konkludert med at vidare saksbehandling måtte skje i nær dialog mellom NVE, nasjonalparkforvaltninga og kommunen. Rammer for tiltaket er gjeve gjennom verneforskrift for nasjonalparken, vassressurslova og plan- og bygningslova,

Tore Leirvik har i e-post av 02.08.18 vist til følgjande føringar gjevne i Vassressurslova:

«Stor smelting fra isbreer i området og styrtregn har ført til at Veodalsvegen har blitt skadet to ganger på kort tid ved Gråstubekken.

Vrl § 12. (gjenoppretting av vassdragets løp) Når et vassdrag tar seg nytt løp, oppgrunnes eller utdypes, kan det gamle løpet uten konsesjon etter § 8

a) gjenoprettes innen tre år hvis forandringen skyldes en enkeltstående hending;

b) renskes opp eller påfylles masse inntil den dybde eller bredde som vassdraget hadde for fem år siden.

Gjenoppretting etter første ledd som kan være til nevneverdig skade eller ulempe for noen allmenne interesser, skal meldes til vassdragsmyndigheten. Gjenopprettingen kan utføres av grunneieren selv, av andre eiere i vassdraget eller av vassdragsmyndigheten.

Ved gjenoppretting etter første ledd kan det gjøres bruk av fremmed grunn så lenge det ikke volder vesentlige skader og ulemper som med rimelighet kan unngås. Grunneieren skal gis varsel i rimelig tid på forhånd.

Med hjemmel i vrl §12 punkt a, kan elveløpet gjenoprettes innen tre år hvis forandringen skyldes en enkeltstående hendelse, som skjedde den 29 og 30. juli 2018.

Tillatelse til gjenoppretting forutsetter at det gis tillatelse etter naturmangfoldloven og i henhold til verneforskriften.»

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert 13.08.2015.

Verneformål – forskrift

Det delegerte hastevedtaket var knytt til istandsetjing av Glitterheimvegen. Vern mot inngrep i landskapet er ikkje til hinder for «*Vedlikehald av eksisterande vegar i samsvar med forvaltningsplan*» (§ 3 pkt. 1.2.c). Dei førebyggjande tiltaka som nå er til vurdering er også knytt til sikring av Glitterheimvegen, men det vil vera behov for terrenginngrep eit godt stykke utanom veganlegget, og kan ikkje definerast som vanleg vegvedlikehald, og blir behandla etter den generelle dispensasjonsheimelen og naturmangfaldlova § 48.

§ 3 pkt. 6.1 set eit generelt forbod mot motorferdsel. Pkt. 6.3 f) opnar for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «*Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, bruer, anlegg og innretningar*». Kjøretøy på berrmark er ikkje nemnd, og må derfor behandlast etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4:

«Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot formålet med vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.»

Forvaltningsplan

Førebyggjande tiltak mot flaumskader er ikkje omtala i utkastet til forvaltningsplan frå 2008.

Naturmangfaldlova

Dispensasjonar etter den generelle heimelen i § 4 behandlast etter naturmangfaldlova § 48:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.»

Presedens

Flaumskade er ei uføresett hending, og det er lite relevant å vise til presedens i denne sammenhengen

Vurdering

Det delegerte vedtaket 29.07. gjaldt hastetiltak for å få i stand att vegen etter flaumskader som fylgde av styrtregn og sterk avsmelting på Gråsubrean. Utan veg vil bedrifta ha dårleg beredskap ved brann eller ulykker, og drifta er basert på levering av varer og tenester via bilvegen. Omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjorde at vegen må reparerast snarast råd. Det har siste åra vore fleire tilfelle med flaumskader på vegen. Dette gjer det nødvendig å vurdere om det er mogleg å gjere førebyggjande tiltak som kan bidra til å avgrense framtidige skader. Skader frå Bergenussa kjem ved rask snøsmelting på våren, medan Gråsubekken kan få ein sterk auke i vassføringa når det er stor smelting på Gråsubrean.

Det å ha ein køyrbar veg inn til Glitterheim er vurdert å vera så viktig at ein dispensasjon for førebyggjande tiltak etter naturmangfaldlova § 48 første ledd kan vurderast. Vegen er nødvendig for transport knytt til drifta, og den utgjør eit viktig ledd i beredskapen ved brann/ulykker. Terrenngrep vil verke inn på landskapet, men i dette tilfellet vil det vera mogleg å utføre gravearbeid som kan dempe landskapsverknadene av flaumskadane. Spørsmålet er om ein skal godta alle naturlege prosessar som flaum og masseflytting i eit verneområde, eller om ein vil gjenopprette opphavleg bekke-/elveløp i størst mogleg grad. Ei gjenoppretting vil truleg vera mindre synleg enn å berre la sideelvene i Veodalen halde fram og grave seg nye løp, for kvar gong vassføringa aukar. Sett i lys av skadane desse sidevassdraga påfører ei viktig transportåre, er fordelane ved førebyggjande tiltak vurdert som langt større enn ulempene.

Vurdering etter naturmangfaldlovas §§ 8-12:

Det er bra kunnskap om naturmangfaldet på den aktuelle strekninga (§ 8). Tiltaket vil skje i vegtraseen og der bekken har grave ut terrenget, og vil ikkje påverke særleg sårbare artar.

Det er derfor ikkje behov for å bruke føre-var-prinsippet (§ 9). Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10) tilseier at ein har streng praksis når det gjeld terrenginngrep og motorferdsel i verneområdet. Kvar enkeltvedtak må vurderast i høve til samla påverknad og om eit løyve vil kunne skape presedens. Tiltaket er ikkje av slik karakter at det skaper uheldig presedens. § 11 blir ikkje vurdert som relevant i denne saka. § 12 - *miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder*: Motorferdsel knytt til sikring av vegen er heilt nødvendig for å oppretthalde vegsambandet til Glitterheim. Bruk av stor gravemaskin er nødvendig for å kunne utføre tiltak i elvefara på ein god måte. Store steinar må kunne flyttast for skape eit meir stabilt elveløp og plasserast der dei kan danne tersklar som dempar farten på vatnet og hindrar ny utgraving. Vegetasjonsmasse må takast vare på og plasserast slik at det blir lagt til rette for revegetering der ein har fått sår i landskapet. Køyrespor i terrenget må jamnast til ved avslutning av arbeidet.

Konklusjon

Det er av omsyn til beredskap og drift av turisthytta nødvendig å ha sikkert vegsamband til Glitterheim. Fleire hendingar i samband med snø- eller bresmelting dei siste åra viser at det er behov for å sjå på moglege førebyggjande tiltak. Det er ønskjeleg å kunne starte arbeidet snarast råd. På grunnlag av dette blir det foreslått at styret gjer ei overordna vurdering, og delegerer myndigheit til detaljering av vedtaket etter verneforskrifta til nasjonalparkforvaltar. Meir detaljert avgrensing av tiltaket kan gjerast etter at fagvurdering frå NVE ligg føre.

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2018/4481-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 14.08.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	30/2018	21.08.2018

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2018 - Hjelpemotor på seilbåt ved ut- og innsegling på Gjende - Bjørn Erik Jorkjend

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen viser til verneforsskrifta § 3 pkt. 6.1 og avslår søknad om bruk av hjelpemotor på seilbåt i samband med rekreasjonsformål, da dette vil kunne skape uheldig presedens. Motoriserte hjelpemiddel til persontransport fyller ikkje dei strenge vilkåra for å gje løyve etter nml § 48. Dersom ein først opnar for dispensasjon til rekreasjonsformål kan ein vente mange liknande søknader i framtida, og samla belastning kan bli betydeleg..

Det er elles eit etablert tilbod om persontransport i regi av Gjendebåtene AS, og nybåten «Kåre Johan» er tilrettelagt for funksjonshemma.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Søknad av 13.07.18 frå Bjørn Erik Jorkjend

Saksopplysningar

Det er sendt slik søknad om dispensasjon for bruk av hjelpemotor på seilbåt på Gjende:

«Jeg kontakter deg da jeg har hatt litt lyst til å ta med min far på seiling på Gjende. Om denne henvendelsen er rettet feil sted beklager jeg det, pek meg gjerne i riktig retning i så fall. Min far er slagrammet og avhengig av rullestol, men har stor kjærlighet for naturen, så vi prøver å tilrettelegge for de naturopplevelser som er mulig å få til likevel. Vi har hytte nært Yddin i Øystre Slidre, og er derfor i området hvert år.

Vi var i fjor en tur til Gjendebu med Kåre Johan, hvilket var usedvanlig godt tilrettelagt for handicappede, samt at kaptein og mannskap gjorde en formidabel innsats for å imøtekomme våre behov. Så all honnør til dem! (litt på siden, men ære den som æres bør).

Dermed var ideen om litt mer selvhjulpne seilas innover født. Vi disponerer snart en mindre seilbåt på omtrent 17 fot som jeg tror jeg skal kunne få min far inn og ut av uten nevneverdige problemer. Jeg ønsker derfor å forsøke å få ham med på en seiltur innover

Gjende da jeg tror han vil ha stor glede av dette siden han får kommet nært på fjellene og innover mot steder han ikke har vært de siste 10 årene, men som ble mye besøkt da han var yngre. Selv om man får sett mye fra Kåre Johan er det klart at den går med en fart beregnet på å frakte mennesker effektivt fra sted til sted, ikke å nyte naturen i det tempo seg hør og bør i slike omgivelser.

Mitt spørsmål er egentlig; Vil det være mulig å få dispensasjon til bruk av motor (5hk) akkurat ved sjøsetting og anløp ved Gjendesheim siden slippen ligger et sted jeg antar det er ganske frisk strøm i vannet? Jeg er sterk motstander av motorisert ferdsel i nasjonalparkene (og utmark for øvrig), men det vil her være snakk om ved en brygge der det allerede går store yrkesfartøy i shuttletrafikk, så det vil etter mitt skjønn ikke utgjøre noen plage for allmenheten.

Da vinden vanligvis kommer vestfra her vil jeg tro det er en smal sak å gå for seil når man skal i land igjen, så det er primært aktuelt ved sjøsetting og til man er i litt bredere farvann, jeg vil anslå maksimalt et par hundre meter mot nordvest for bryggen til Kåre Johan, trolig meget mindre. Altså aldri innenfor nasjonalparkgrensen.

Det vil likevel av sikkerhetsmessige hensyn (gitt min fars noe begrensede mulighet til å bistå som matros) være ønskelig med en dispensasjon for å unntaksvis kunne bruke motor ved anløp og avgang også innenfor nasjonalparkgrensen, dersom vinden skulle snu eller det av andre årsaker blir komplisert å legge fra eller til land.

Dersom vind og vær tillater det vil det selvsagt være høyt prioritert fra min side å kunne gå kun for seil, uten å noen gang starte motoren, så det er kun ment som et «nødtiltak» dersom vindforholdene gjør det vanskelig å komme utpå. Så snart man er i mer åpent farvann er det ingen sak å krysse opp eller ned innsjøen.

Det vil selvsagt tas hensyn til Kåre Johan og Gjendines anløptider slik at man ikke kommer i konflikt med disse. Dette er heller ikke en aktivitet jeg ser for meg noen sinne vil være mulig å få til mer enn maksimalt en gang i året.»

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert 13.08.2015.

Verneformål – forskrift

§ 3 pkt. 6.1 set eit generelt forbod mot motorferdsel. Pkt. 6.3 opnar for at forvaltninga kan gjera unntak for nærare spesifiserte formål. Motorferdsel knytt til rekreasjonsformål inngår ikkje i dei definerte unntaka, og må derfor behandlast etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, som betyr vurdering etter naturmangfaldlova § 48.

Formålet med opprettinga av Jotunheimen nasjonalpark er «å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.»

Forvaltningsplan

Generell føring for motorferdsel i rettleiande planutkast frå 2008:

«Det er generelt ønskeleg å halde omfanget av motorferdsel i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernordmåde så lågt som mogleg, både når det gjeld vinter og sommar, på land og på vatn og i lufta. Også lovleg motorferdsel skal haldast på eit så lågt nivå som mogleg, og må avgrense seg til det som er naudsynt.»

Naturmangfaldlova

§ 48 første ledd set rammer for kva unntak som kan vurderast:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Presedens

Ein dispensasjon for bruk av motor i samband med rekreasjonsformål vil skape presedens for liknande søknader om motorbåt på Gjende

Vurdering

For at tiltaket ikkje skal vera i strid med dei overordna måla for verneområdet eller mot verneformålet samla sett blir det stilt krav om at transporten skal vera nødvendig og ikkje skal påverke verneverdiene i vesentleg grad. Gjende er eitt av dei mest besøkte turmåla i nasjonalparken. Forvaltningsplanen legg vekt på at omfanget av motorferdsel skal liggje på eit lågast mogleg nivå, og ein dispensasjon i denne saka vil skape forventningar om tilsvarande behandling av liknande saker.

Det er forståeleg at folk ønskjer å besøke nasjonalparken, også om ein ikkje lenger er så sprek, men persontransport med motoriserte hjelpemiddel er i strid med verneforskrift og forvaltningsplan. Det vil skape uheldig presedens om ein opnar for båttransport med motor til rekreasjonsformål, da dette i sum kan vera ønskje for svært mange personar samla sett. Saka vil skape uheldig presedens. Det er likevel mogleg å koma inn i nasjonalparken via det etablerte tilbudet ved Gjendebåten.

Vurdering etter naturmangfaldlova:

- Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) når det gjeld naturmangfald og bruk av Gjendeområdet er bra. Påverknaden vil vera litt støy i eit avgrensa tidsrom, men ein enkeltstående tur vil nok i liten grad merkast.
- Føre-var-prinsippet i § 9 og § 10 om “Økosystemtilnærming og samlet belastning” inneber at eit vedtak må vurderast etter samla påverknad. Den enkelte turen det blir søkt om vil i seg sjølv ikkje skade verneverdiene, men ein dispensasjon vil skape presedens for seinare saker, og kan bidra til ei gradvis forringing og utholing av verneforskrifta. Dersom ein skulle opne for bruk av motor i samband med rekreasjon vil det fort koma svært mange tilsvarande søknader, og det er fare for at den samla belastninga kan koma over akseptabelt nivå om ein først opnar for denne typen tiltak i nasjonalparken.
- § 11 og 12 er lite relevante..

Konklusjon

Det er ikkje aktuelt å opne for ein praksis der alle som ikkje lenger er i stand til å ta seg fram ved eiga hjelp kan få lov til å bruke båt med motor for rekreasjonsformål, da dette vil medføre ein potensielt sterk auke i motortransporten på Gjende. Motoriserte hjelpemiddel til persontransport fyller ikkje dei strenge vilkåra for å gje løyve etter nml § 48. Eit løyve her vil bidra til å skape uheldig presedens. Det er også eit etablert transporttilbod ved at den nye Gjendebåten, Kåre Johan, er tilrettelagt for funksjonshemma.